

To SPAR saker mest lesne på uskedalen.no i 2020.

30.12.2020



Mest lesen sak på uskedalen.no 2020 er innlegget om leiarskifte på SPAR.

Leiarskifte på SPAR var den mest lesne saka på Uskedalen.no i året som gjekk. Innlegget har heile 1756 sidevisningar. Det var ikkje uventa. Innlegget fekk stor merksemd og andre aviser følgde opp med sine innlegg. Hakk i hel føl ei anna SPAR sak, nemleg vekebladet Hjemmet si kåring av Noregs hygglegaste kassadame og kassamann med 1723 visningar. Nr. 3 på lista er ei ferjesak med Kjell Rune Gausvik frå Herøysundet, ein sentral person i rederiet BOREAL med byggetilsyn på ferja MF MATRE. Ferja låg til kai i Uskedalen og hadde all opplæring av mannskapet, mellom anna i Storsund. Saka fekk 1010 sidevisningar.

Innlegga om SPAR er skrivne av Thor Inge Døssland. Innlegga er også delte på Facebook med lenke til Uskedalen.no. Dette fører til ei auka lesartal og dermed meir merksemd og profilering.

Innan utgangen av 2019 hadde Uskedalen.no presentert 18459 saker sidan oppstarten 30. juni 2006. Innan utgangen av dagen i dag, nyttårsafta, er talet 19439, noko som vil sei at det er produsert 980 saker i 2020. Det er 16 saker meir enn i 2020.



[BOREAL si hybridferje MF MATRE med Kjell Rune Gausvik som kaptein og byggeleiar fekk stor merksemd på uskedalen.no.](#) Redaksjonen er godt nøgd med resultatet. Nettsida har på det jevne eit høgt lesartal. Etter dei tre toppsakene med over 1000 visningar ligg lesartalet rundt 900 og nedover.

I 2021 er Uskedalen.no inne i sitt 15 driftsår. Høge lesartal syner at nettsida er populær. Det er likevel tid for å tenkja nytt og det pågår eit planarbeid med ei endring. Målet er ny plattform og ny side tidleg i 2021.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Arkivfoto